



Innst. S. nr. 148

(2004-2005)

Innstilling til Stortinget fra finanskomiteen

St.prp. nr. 41 (2004-2005)

Innstilling fra finanskomiteen om endring i Stortingets skattevedtak for inntektsåret 2005 (kjeldeskatt på utbytte)

Til Stortinget

SAMMENDRAG

Innleiing

Finansdepartementet legg fram forslag om å endre Stortingets skattevedtak for inntektsåret 2005. Endringa gjeld vedtaket § 3-5 fjerde ledd om skatt på utbytte og renter på grunnfondsbevis til personleg aksjonær busett i utlandet.

Bakgrunn

Etter § 3-5 fjerde ledd i Stortingets skattevedtak for inntektsåret 2005 skal det svarast 25 pst. skatt på aksjeutbytte og renter på grunnfondsbevis som blir utdelte til skattytar som høyrer heime eller er busett i utlandet (kjeldeskatt på utbytte). Dersom skattesatsen etter skatteavtale med framand stat skal vere lågare, er det den som skal gjelde.

EFTA-domstolen kom 23. november 2004 med ei rådgevande uttale om høvet mellom EØS-avtalen og norske reglar om kjeldeskatt på utbytte frå norske selskap til aksjonær heimehøyrande i utlandet.

Spørsmålet var lagt fram for EFTA-domstolen av Frostating lagmannsrett i ei av de såkalla parkeringssakene. I desse sakene var aksjar i norske selskap registrerte på selskap heimehøyrande i Noreg i samband med utdelinga av utbytte, medan dei var på utanlandske hender før og etter dette. Likningsstyresmaktene såg dette som eit illojalt forsøk på å omgå kjeldeskatten på utbytte og skar gjennom dei formelle eigarhøva, slik at kjeldeskatt vart pålagt.

EFTA-domstolen konkluderte i si uttale med at dei norske reglane strir mot EØS-avtalen artikkel 40 om

frie kapitalrørsler. Grunnlaget for dette er at kjeldeskatten inneber ei ulik handsaming av aksjonærar heimehøyrande i Noreg og aksjonærar heimehøyrande i utlandet. Godtgjeringsreglane i skattelova § 10-12 hindrar økonomisk dobbelt skattlegging ved at skatten som fell på utbyttet, blir utlikna av eit godtgjeringsfrådrag. Dermed blir det berre teke ut skatt ein gong av overskotet som er grunnlaget for utbyttet, i form av den skatten selskapet betaler av overskotet sitt. Godtgjeringsreglane gjeld berre aksjonærar som er heimehøyrande i Noreg. På denne måten blir økonomisk dobbelt skattlegging hindra for aksjonærar heimehøyrande i Noreg, medan aksjonærar heimehøyrande i utlandet må svare kjeldeskatten på utbyttet utan godtgjeringsfrådrag. EFTA-domstolen fann ingen tunge omsyn som kan grunngi denne ulike handsaminga.

Skattereforma har frå og med inntektsåret 2004 ført til lik handsaming av utbytte til selskapsaksjonærar, anten selskapa høyrer heime i Noreg eller i annan EØS-stat. For personlege aksjonærar blir aksjonærmodellen innført frå og med inntektsåret 2006, slik at godtgjeringsreglane framleis gjeld for inntektsåret 2005. Aksjonærmodellen sikrar lik handsaming av utbytte til norske personlege aksjonærar, anten utbyttet kjem frå eit norsk eller eit utanlandsk selskap. Når det gjeld utbytte frå norsk selskap til utanlandsk personleg aksjonær, viste departementet i Ot.prp. nr. 1 (2004-2005) til den over nemnde prosessen. Departementet uttala at det på bakgrunn av utfallet av denne prosessen ville vurdere spørsmålet om høvet mellom kjeldeskatt på utbytte til utanlandske personlege aksjonærar og aksjonærmodellen.

Departementet sine vurderingar

Uttala frå EFTA-domstolen er rådgevande, slik at lagmannsretten ikkje er bunden av vurderingane til EFTA-domstolen. Før uttala frå EFTA-domstolen var spørsmåla uavklart. EF-domstolen har ikkje tatt stilling til høvet mellom dei fire fridomane og nasjonale reglar

om kjeldeskatt på utbytte. At EFTA-domstolen bygger på ei nyare rettsutvikling syner seg mellom anna ved at EFTA-domstolen på fleire punkt stør seg på heilt ferske dommar frå EF-domstolen.

Sjølv om norske styresmakter argumenterte for EFTA-domstolen for at kjeldeskatten på utbytte var i tråd med EØS-avtalen, ser departementet det slik at uttala frå EFTA-domstolen klargjer høvet mellom kravet til frie kapitalrørslar og kjeldeskatt på utbytte. Departementet vil derfor ikkje i dei vidare tingingane for norske domstolar argumentere mot at denne forståinga av dei folkerettslege pliktane etter EØS-avtalen må leggst til grunn for utforminga av norske skatte-reglar framover.

Etter EØS-avtalen artikkel 3 pliktar medlemsstatane lojalt å treffe tiltak som er naudsynte for å oppfylle avtalen. Departementet arbeider med ei tilpassing til aksjonærmodellen av reglane om kjeldeskatt på utbytte til fysiske personar busett i annan EØS-stat med tanke på inntektsåret 2006 og framover. Dette vil vere eit varig tiltak for å oppfylle dei krava som EØS-avtalen stiller på bakgrunn av uttala frå EFTA-domstolen. Trass i dette snart komande systemskiftet finn departementet det sikrast i høve til lojalitetsplikta at også reglane om kjeldeskatt for 2005 blir tilpassa uttala frå EFTA-domstolen. Ei slik endring vil etter departementet si vurdering innebere ei lojal gjennomføring av norske folkerettslege pliktar etter EØS-avtalen. Etersom krava etter EØS-avtalen på dette punktet først vart avklart med uttala frå EFTA-domstolen 23. november 2004, vurderer departementet det slik at uttala frå EFTA-domstolen ikkje gjer det naudsynt å betale attende kjeldeskatt som er innbetalt i følgje Stortingets skattevedtak for inntektsåret 2004 og tidlegare år.

Departementet foreslår at lik handsaming av innanlandske og utanlandske personlege aksjonærar blir gjennomført ved at Stortingets skattevedtak for inntektsåret 2005 blir endra slik at det gjer unntak frå plikta til å svare kjeldeskatt på lovleg utdelt utbytte for personleg aksjonær som er busett i EØS. Det same gjeld plikta til å svare skatt av renter på grunnfondsbevis, jf. forslag til endring av Stortingets skattevedtak for inntektsåret 2005 § 3-5 fjerde ledd nytt tredje punktum.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet anslår på usikkert grunnlag at ei avvikling av kjeldeskatten på utbytte til personleg aksjonær busett i EØS vil redusere skatteinntektene med om lag 10 mill. kroner for inntektsåret 2005.

Kjeldeskatten for 2005 blir innbetalt 15. mars, 15. mai, 15. juli, 15. september, 15. november 2005 og 15. januar 2006 for dei to månadene før. Inntil Stortingets skattevedtak blir endra, vil plikta til å innbetale kjeldeskatt gjelde. I og med at departementet foreslår at fritaket skal gjelde for heile 2005, vil ei endring av Stortingets skattevedtak i tråd med forslaget innebere at trekt og innbetalt kjeldeskatt må betalast attende.

Fritaket for kjeldeskatt på utbytte til personleg aksjonær busett i EØS er eit unntak frå hovudregelen om

kjeldeskatt. Aksjonæren må derfor dokumentere at han er omfatta av fritaket. Dette må gjerast anten på trekkstadiet eller på refusjonsstadiet.

Der selskapet har trekt kjeldeskatt, men enno ikkje innbetalt trekket til skatteoppkrevjaren, gjer selskapet og den utanlandske personlege aksjonæren opp seg i mellom dersom den reelle eigaren er kjend for selskapet og aksjane ikkje er registrerte ved ein utanlandsk forvaltar.

Der selskapet har trekt og innbetalt kjeldeskatt, blir tilhøva parallelle med tilfella der det blir trekt og innbetalt 25 pst. kjeldeskatt, medan det seinare viser seg at aksjonæren har rett til ein lågare sats etter skatteavtale. Dersom den personlege aksjonæren godtgjer å ha rett til ein lågare skattesats etter skatteavtale, blir differansen betalt attende etter ei ordning med refusjon frå skattestyresmaktene. I praksis blir det ikkje gitt renter på det refunderte beløpet.

Departementet legg opp til at refusjon av kjeldeskatt etter dei foreslegne endringane skal skje etter den eksisterande ordninga med refusjon av kjeldeskatt. Dette svarer til det som vart lagt til grunn for refusjon av kjeldeskatt på grunnlag av at fritaksmetoden blei gjort gjeldande for inntektsåret 2004, jf. Ot.prp. nr. 1 (2004-2005) pkt. 6.5.11.3.

KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Ranveig Frøiland, Svein Roald Hansen, Tore Nordtun, Torstein Rudihaugen og Hill-Marta Solberg, fra Høyre, Svein Flåtten, Torbjørn Hansen, Heidi Larssen og Jan Tore Sanner, fra Fremskrittspartiet, Gjermund Hagesæter, lederen Siv Jensen og Per Erik Monsen, fra Sosialistisk Venstreparti, Øystein Djupedal, Audun Bjørlo Lysbakken og Heidi Grande Røys, fra Kristelig Folkeparti, Ingebrigt S. Sørfonn og Bjørg Tørresdal, fra Senterpartiet, Morten Lund, fra Venstre, May Britt Vihovde, og fra Kystpartiet, Steinar Bastesen, viser til proposisjonen.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmet fra Senterpartiet, slutter seg til Regjeringens forslag til Stortingets skattevedtak for inntektsåret 2005 § 3-5 fjerde ledd nytt tredje punktum slik at det gjøres unntak fra plikten til å svare kildeskatt på lovlig utdelt aksjeutbytte og renter av grunnfondsbevis som utdeles til personlig rettighetshaver som er bosatt i en EØS-stat.

Flertallet viser til at innføringen av fritaksmetoden fra og med inntektsåret 2004 fjerner usikkerheten som systemet med RISK og godtgjørelse representerer i forhold til EØS-avtalens bestemmelser om fri flyt av kapital ved at modellen medfører en likebehandling av utbytte til selskapsaksjonærer hjemmehørende i Norge og i annen EØS-stat. Aksjonærmodellen innebærer fra og med 2006 at dagens RISK- og godtgjørelsessystem også kan avvikles for personlige aksjonærer.

Flertallet legger vekt på å unngå løsninger som har en usikker side mot EØS-avtalen. I Innst. O. nr. 10 (2004-2005) fra finanskomiteen om skatte- og avgiftsopplegget 2005 - lovendringer uttalte komiteens flertall at det er en fordel ved aksjonærmodellen at utbytte fra norske og utenlandske aksjer likebehandles, fordi dagens regler trolig er i strid med EØS-avtalen.

Flertallet viser videre til EFTA-domstolens rådgi- vende uttalelse av 23. november 2004 som blant annet på bakgrunn av nyere rettsutvikling konkluderer med at de norske reglene om kildeskatt på utbytte fra norske selskaper til aksjonærer hjemmehørende i annen EØS- stat strider mot EØS-avtalens bestemmelser om fri flyt av kapital. Etersom EØS-avtalen på dette punktet først ble avklart ved denne uttalelsen slutter flertallet seg til Regjeringens vurdering om at uttalelsen fra EFTA- domstolen ikke gjør det nødvendig å betale tilbake kil- deskatt som er innbetalt som følge av Stortingets skat- tevedtak for inntektsåret 2004 og tidligere år.

Medlemen i komiteen frå Senterpartiet syner til at det då EØS-avtalen vart inngått vart føreset at avtalen ikkje skulle omfatte skatte- og avgiftspolitik- ken. Denne medlemen syner vidare til at norske styresmakter har argumentert overfor EFTA-domsto- len med at kjeldeskatten på utbytte er i tråd med EØS- avtalen.

Denne medlemen syner til at Regjeringa i pro- posisjonen skriv at uttalen frå EFTA-domstolen er råd- gjevande, og at lagmannsretten såleis ikkje er bunden av vurderingane til EFTA-domstolen.

Denne medlemen ser det som ei uheldig utvik- ling at norske styresmakter tilpasser norsk regelverk til EU på område vi tidlegare har stått fast på ligg utanfor EØS-avtalen sitt verkeområde. Denne medlemen meiner norske styresmakter bør halde fast ved at Noreg ikkje er folkerettsleg forplikta til å gjere endringar i dei norske skattereglane, og at eventuelle endringar såleis ikkje vert begrunna i omsynet til EØS-avtalen.

KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen viser til proposisjonen og det som står foran, og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

Stortingets skattevedtak for inntektsåret 2005 § 3-5 fjerde ledd nytt tredje punktum skal lyde:

Skatt etter dette ledd svares ikke av lovlig utdelt aksjeutbytte og renter av grunnfondsbevis som utdeles til personlig rettighetshaver som er bosatt i en EØS- stat.

Oslo, i finanskomiteen, den 17. mars 2005

Siv Jensen
leder

Tore Nordtun
ordfører

